

Kort bruksanvisning CADD-Solis

Tastaturkode: 201.

1: Slå på pumpa eller vekke skjermen frå dvale

- Av/på-knappen er på høgre side av apparatet.
- Skjermen slår seg fort av for å spare batteri. Trykk på ein kvit tast for å vekke den.
- Gul LED blinkar når pumpa er på, men ikkje igangsatt.
- Dersom du vekker med "Stopp/start"-knappen, vil pumpa be om bekreftelse for å stoppe/ starte infusjonen.
- **OBS:** Dersom du vekker med "PCA-bolus"-knappen, og pumpa er i gang, vil den gi bolus umiddelbart, uavhengig av om skjermen er i dvale eller ikkje.

2: Starte pumpa

- Slå på pumpa, evt. vekk skjermen. Den skal vise "Klar til å begynne" og grått symbol, eller "Kontinuerlig" og raudt symbol, midt på skjermen. På øverste linje står gjenstående volum, og om pumpa står eller går.
- Kontroller innstillingane: Velg "Program", sjå at medikament/konsentrasjon og innstillingar stemmer. Velg "Tilbake".
- Trykk "Stopp/start", bekreft med "Ja".
- Pumpa viser "Kontinuerlig" og grønt symbol midt på skjermen, til skjermen slår seg av.
- Grøn LED blinkar så lenge pumpa leverer.
- Ved å velge "Program", og bla nedover, kan innstillingane kontrollerast utan å stoppe pumpa, men vil du endre innstillingar må pumpa stoppast først.

3: Stoppe pumpa

- Vekk pumpa om nødvendig.
- Trykk "Stopp/start", bekreft med "Ja".
- Gul LED blinkar. Pumpa viser "Kontinuerlig" og raudt symbol midt på skjermen.
- Skal den vere av i meir enn nokre minutt er det lurt å slå av pumpa for å unngå gjentatte påminningsalarmer.

4: Forandre infusjonshastighet, bolusdose eller posestørrelse

- Stopp pumpa.
- Velg "Program".
- Bla til den/dei innstillinga du vil endre i menyen, trykk "Velg".
- Oppgi tastaturkoden.
- Endre til ønska verdi med piltastane, velg så "Lagre", deretter "Tilbake".
- Trykk "Stopp/start". Du blir bedt om å "Gå igjennom pumpeinnstillingar". Velg "Gå igjennom".
- Trykk "Aksepter verdi" for kvar verdi i lista (også verdier du nettopp har endra på.)
- Velg "Neste", bekreft at du vil starte pumpa med "Ja".
- **OBS:** pumpa vil tillate infusjonshastighet og bolusdose opp til "hard limits" i pumpa. Største tillatte verdi i pumpa kan vere høgare enn ordinasjonen i MetaVision. Pass på å ikkje overskride ordinerte verdier.

5: Gi bolus

- Pumpa må vere i gang for å kunne gi bolus.
- Trykk "PCA-bolus"-knappen på pumpa, evt. knapp på fjernkontroll. Pumpa vil då gi programmert bolus (sjølv om skjermen er svart før du trykker.) **OBS:** når fjernkontrollen er kopla til sluttar bolus-knappen på sjølve pumpa å virke.

6: Bytte kassett/infusjonssett

- Stopp pumpa.
- Lås opp med låsenøkkel.
- Vipp hendel ut 90 grader.
- **OBS:** For å ta ut eller sette inn kassett må hendelen trekkast ytterlegare litt ned.
- Bytt infusjonssett/kassett.
- Vipp hendelen opp igjen og lås med nøkkelen.
- Besvar spørsmål frå pumpa om å tilbakestille restvolum, fyll settet og starte pumpa. Sjå til at PCA-kassettar tømmast for luft.

7: Tilbakestille reservoarvolum

- Stopp pumpa.
- Velg "Oppgaver", deretter "Tilbakestilling av reservoarvolum" i menyen.
- Bekreft tilbakestilling (til standard volum).
- Velg "Tilbake".
- Start pumpa igjen.
- OBS: dersom posestørrelse er endra i forhold til standard i protokoll (kfr. punkt 4), vil tilbakestilling av reservoarvolum bety tilbakestilling til sist innstilte reservoarstørrelse.

8: Lese av gitt volum/antal bolusar, evt. nullstille volum og/eller bolusar

- Velg "Oppgaver", deretter "Vis rapporter" i menyen.
- Valget "Totalt gitt dose og PCA-bolus" viser totalt volum sidan gitt dato/tid, samt antal bolusar gitt og forsøkt gitt.
- Trykk "Slett gitt volum" for å nullstille volum. Bla ned for å nulle bolusar på tilsvarande måte.

9: Slå av luft- og okklusjonsalarmer

- Velg "Oppgaver", deretter "Vis avanserte oppgaver".
- Velg "Luft- og okklusjonsinnstillinger".
- Bla til alarmen du vil endre, trykk "Velg", oppgi tastaturkoden.
- Still ønska verdi med piltastar, avslutt med "Lagre".
- Trykk "Tilbake" til du er tilbake på hovudskjermen.

10: Skifte batteri

- Stopp evt. infusjon og slå av pumpa.
- Vri brytar på toppen av pumpa 90 gr mot klokka
- bytt alle fire batteri (størrelse AA), obs. polaritet
- Lukk loket og vri brytar tilbake.